

Prosjektet blir film: – Mykje artigare enn å ha vanleg skule



7. klassingane Amalie Mugaas Lindso, Madelen Knørr, Lea Emilie Bråten Myrvold, Karine Johnsgård Slette og Eline Ekre har lært mykje gjennom prosjektet '10 år på Heidal skule' Foto: Øystein Ulekleiv

Av [Øystein Ulekleiv](#)

Publisert: 06.06.25 05:00

Del

– Det er kjempeartig. Vi får lage nesten det vi vil, og så er det spennande å treffe kunstnarane, seier Karine Johnsgård Slette (13).

– Det er mykje artigare enn å ha vanleg skule, seier Johnsgård Slette.

I haust var klassa blant anna på studietur til Oslo, med biletkunstnar Ina Eriksen.

– Det var ein artig tur, og vi har lært mykje. Blant anna om forskjellen på abstrakt og figurativ kunst. Abstrakt liknar ikkje på noko, i motsetnad til figurativt, seier Lea Emilie Bråten Myrvold (13).



Bak jentene heng maleri og bilete som er malt og tekne av klassa. I klassa er dei åtte elevar. Foto: Øystein Ulekleiv

Ti år med ti kunstnarar

Prosjektet «10 år på Heidal skule» starta for snart åtte år sidan, da skuleløpet starta for 7.-klassingane.

Kunstprosjektet går ut på at ti forskjellige kunstnarar følgjer ei skuleklasse i periodar gjennom alle ti åra i grunnskulen.

– Det er det langvarige prosjektet som er heilt unikt med dette. Vi set veldig pris på at vi kan jobbe med så mange dyktige kunstnarar, og sjølv sagt set vi pris på pengestøtaden vi har fått frå fleire, seier Kjersti Myrehagen, som er utdanna biletkunstnar og lærar i kunst- og handverk.

Det er ho som er initiativtakar til prosjektet.

– Ikkje eit poeng at dei skal bli kunstnarar

Gjennom åra har prosjektet fått stønad frå Sparebankstiftelsen DNB, KORØ, Kulturdirektoratet, Innlandet Fylkeskommune, og den kulturelle skolesekken Innlandet. Midlane går rett til prosjektet, og ikkje til skulen.

– Det kostar veldig mykje å gjennomføre dette og dokumentere med eit filmteam, og utan stønad så hadde det ikkje gått, fortel ho.

Læraren seier at elevane har vore innom mykje som er utanfor A4-formatet. Dei har dansa, fotografert, laga musikk, teikna, mala og laga skulpturar.

– Poenget er ikkje at elevane skal bli kunstnarar, men at dei skal få mykje erfaring. Dei arbeider med forskjellige uttrykk, og det er interessant for borns utvikling og læring, seier Myrehagen.



Hollan har fleire hundre timar med film av klassa:
– Det blir ein stor redigeringsjobb, seier ho. I bakgrunnen står Kjersti Myrehagen. Foto: Øystein Ulekleiv

Blir film

Dei siste tre åra har prosjektet blitt dokumentert av Barbora Hollan. Ho er fotograf og dokumentarfilmregissør. Merete Offerdal Tveit er med som regissør.

– Det er hundrevis av timar med film råstoff allereie. Filminga er observerande, og etter kvart er håpet at det skal bli ein 90 minutt lang dokumentar, fortel Hollan.

Under observerande filming skal fotografen forsøke å vere så usynleg og nøytral som mogleg, utan å gripe inn eller påverke det som skjer. Ho tykkjer at borna i Heidal vert fort vant til å ha eit kamera retta mot seg.

– Nokon er meir bevisste enn andre på at dei blir filma. Eg kan vera meir anonym når eg filmar born fordi dei forsvinn lettare inn i sin eigen verd enn vaksne, seier ho.



- Ein veit ikkje kvar det endar

Hollan som er busett i Øyer, og dreg til Heidal berre dei dagane kunstnarane er på besøk på skulen. Midlane til prosjektet gjer det føreseieleg å vere filmskapar i ein elles vanskeleg tid.

- No er det slik at mange produksjonar blir kutta ut eller flytta utanlands, så det er godt å jobbe med prosjekt der finansieringa er på plass, fortel Hollan.

Alle i klassa har samtykka til å bli filma, men Hollan merkar at nokon er meir glad i å vere framfor kamera enn andre. Det kan òg vere utfordrande å vite kven, og kva slags situasjonar ein skal filme.

- Ofte så planlegg ein scenar, men det gjer vi ikkje her. Her har ein karakterane å forhalde seg til, men ein veit ikkje kvar det endar, fortel ho.

Klarar å vere seg sjølve

Elevane tykkjer det er stas å bli filma.

- Vi blir filma heile tida, men eg tenkjar at vi klarar å vere oss sjølve, seier Amalie Mugaas Lindsø.

Madelen Knørr gruar seg litt til å sjå filmen når prosjektet er ferdig.

- Det blir litt flautt, fordi vi har gjort mykje dumt opp gjennom åra, seier ho og smiler.

- Kva tenkjer dei andre klassane om at prosjektet som berre dykk er med på?

- Dei spør ikkje så mykje om det, men vi ser av og til på blikka deira at dei er nysgjerrige, seier jentene.



Ina Eriksen gjev beskjed om kva jentene skal gjere. Tidlegare på dagen hadde dei 'bodyscanning' - ei form for avslapping og bevisstgjerjing. Foto: Øystein Ulekleiv

Self-help kit

Frå 1.-6. klasse har kunstnarane Søsja Jørgensen, Geir Tore Holm, Anna Sigmond Gudmundsdóttir, Anna Daniell og Gisle Harr besøkt elevane.

No er det Ina Eriksen sin tur.

Ho er biletkunstnar med utdanning frå kunsthøgskulen i Oslo, er utøvande argentinsk tangodansar og driv eigen danseskule.

Gjennom seks veker spreidd utover kalenderåret har ho samlingar med elevane. Ho kjenner fleire av kunstnarane som har jobba med elevane, og har høyrd om prosjektet sidan starten.

- Det er eit fantastisk prosjekt, og eg blei veldig takknemleg da eg blei spurd om å jobbe med dei. Eg vil gje dei ein kunstnarisk self-help kit, eit prisme til å sjå livet gjennom, seier ho.



Ina Eriksen er imponert over nivået til elevane: - Eg har arbeidd mykje med born og kan seia at elevane er veldig dyktige. Foto: Øystein Ulekleiv

Ho legg til:

- Men no ser eg at det er dei som er mitt prisme, og eg hugsar meg sjølv som tolvåring. Slik har dette møtet med elevane blitt utgangspunkt for det kunstnariske verket eg skal lage her, seier Eriksen.

Utanfor komfortsona

Eriksen kallar opplegget sitt eit slags «kaos-pilot-prosjekt» der oppgåvene kan vere både varierte og vanskelege. Det er ein slags form for kreativ styrketrening.

- Oppgåvene dei får kan vere utanfor komfortsona og dei forstår kanskje ikkje heilt kvifor dei skal gjere det. Ein kan hjelpe dei litt på veg, men la dei få vere sjølvstendige. Det skal ikkje vere for skummelt, men det skal vera utfordrande, seier ho.

- Forskinga seier at jo meir ein har blitt utsett for kunst og kunstnariske spørsmål jo meir utvikla og rusta blir ein for det ein skal halde på med seinare i livet, seier ho.

Ho tykkjer at elevane allereie tør å vera seg sjølv, og er trygge på eigne val.

- Dei treng å vere sin eigen beste ven, seier ho.

Les mer om: [Heidal Skule](#) [10 år på Heidal skule](#) [Prosjekt](#)